



**BREMANGER KOMMUNE**  
Sakspapir

**Styre, råd, utval**  
Formannskapet

**Behandlingsdato**  
27.08.2015

**Saksnr.**  
068/15

**Sakshands.**  
IH

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksansv.:</b> Inger Hilde	<b>Arkiv:</b> K2-S11, K3-&13	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1235
---	---------------------------------	--------------------------------

**Elde Kraftverk, fråsegn til konsesjonssøknad**

**Dokumentliste:**

<b>Nr.</b>	<b>T.</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	07.05.2015	Norges Vassdrags- og energidirektorat	Kunngjering - Søknad om løyve til å bygge kraftverk
2	I	07.07.2015	NVE	Småkraftsaker i Eid og Bremanger kommuner
3	I	09.07.2015	NVE	Utsetting av høringsfrist to kraftverkssaker, Sigdestad og Elde.
5	I	04.08.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Idar Sagen	Søknader om løyve til å bygge fire kraftverk i Bremanger og Eid kommunar Jf. brev frå NVE 07.05.2015 (Sigdestad, Elde, Stårheim og Klovelva kraftverk)
6	U	19.08.2015	plan- og næringsavdelinga v Idar Sage Sogn og Fjordane fylkeskommune	Handsaming av konsejonssøknader for Elde og Sigdestad kraftverk

**Vedlegg :**

<https://bremanger.kommune.no/aktuelt/elde-smakraftverk.33077.aspx>

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1 Konesjonshandsaminga av sak om kraftverk på Elde bør leggje vekt på ei totalvurdering av kraftproduksjon og utbyggingspotensiale i kommunen og regionen, sumverknader av slike tiltak for landskap og miljø, samanstilt med fordelene i høve styrking av næring lokalt.

2 Ved evt konsesjon må det setjast vilkår om etablering og forsvarleg drift av avbøtande tiltak; omlaupsventil i kraftstasjon, Coandainntak, åle-leiarar ved inntak, og predatorsikre hekkedasser for fossefall langs vassdraget

3 Kommunen ynskjer detaljplan for landskap og miljø tilsend når denne ligg føre, for kommunen si handsaming av dispensasjon frå gjeldande arealplan, føremål landbruk-, natur- og friluftsområde

.....

## **27.08.2015 Formannskapet**

### **FSK-068/15 Vedtak:**

**1 Konesjonshandsaminga av sak om kraftverk på Elde bør leggje vekt på ei totalvurdering av kraftproduksjon og utbyggingspotensiale i kommunen og regionen, sumverknader av slike tiltak for landskap og miljø, samanstilt med fordelene i høve styrking av næring lokalt.**

**2 Ved evt konsesjon må det setjast vilkår om etablering og forsvarleg drift av avbøtande tiltak; omlaupsventil i kraftstasjon, Coandainntak, åle-leiarar ved inntak, og predatorsikre hekkedasser for fossefall langs vassdraget**

**3 Kommunen ynskjer detaljplan for landskap og miljø tilsend når denne ligg føre, for kommunen si handsaming av dispensasjon frå gjeldande arealplan, føremål landbruk-, natur- og friluftsområde**

.....

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Vassressurslova, energilova, naturmangfaldlova m.v.

### **Saka gjeld:**

Kommunen si fråsegn til søknad frå Elde Kraft SUS v Monrad Elde, om konsesjon for kraftbyggjing i Eldeleva. Elde Kraft vil stå for utbyggjing og drift av kraftverket, der dei tre grunneigarane som har fallrettar, kan delta tilsvarande andel i denne. Monrad Elde har vèl 66% av fallrettane, og dei andre to bruka har meldt at dei ikkje ynskjer å delta i driftsselskapet. Føremålet med utbyggjinga er å styrkje busetjing og næringsgrunnlag.

### **Saksopplysningar:**

Kraftverket skal omfatte vassdraget mellom kote 11 og 125 moh, ei fallhøgde på ca 114 m. Kraftverket skal ikkje ha overføringar eller reguleringar. Installert effekt er ca 1,1 MW, og middel årsproduksjon er rekna til 4,1 GWh. Utbyggjingspris er 3, 02 kr/kWh.

Den råka elvestrekningen er på ca 1250 m lengde. Tillaupsrøret på 80 cm diameter er på 1200 m lengde, og skal gravast ned heile vegen. På innmarka deler elva seg i to laup. Kraftstasjonen er difor plassert ovanfor delet, slik at elvelaupa ned mot sjøen ikkje får redusert vassføring.

Eldeelva har eit nedslagsfelt på mest 12 km<sup>2</sup> kring Eldedalen. Eldedalen er naturreservat jfr verneplan for myr, her intakt låglandsmyr. I Miljødirektoratet sin Naturbase er det registrert fleire lokalitetar med viktig naturtype; gammal boreal lauvskog, og tre lokalitetar med lav-arter av stor forvaltingsinteresse; kort trollskjegg, kystdoggnål og hassel-rurlav. Det er gjort inngrep ved byggjing av skogsveg fram til Eldesetra i Eldedalen. Denne følgjer til dels elva. Det planlagde inntaket for kraftverket ligg i lia nedanfor Eldedalen, og vil ikkje gjere inngrep i Eldedalen og naturverdiane der. Avstanden til grensa for naturreservatet er 75 – 80 m i horisontalplanet, og 5 høgdemeter.

Elvelaup og bekkar er på raudlista for naturtypar, og er nær truga (NT). Ved inventering vart det påvist strandsnipe, som er på raudlista for arter, nær truga. Elvar og bekkar har ein biologisk produksjon som er viktig for fugl (t.d. standsnipe og fossefall) og fisk. Det er truleg gyting av sjøaure opp til kote 20, der det jfr søknaden er absolutt hinder for vandring av anadrom fisk i denne elva. Ål finst det heilt opp til Otrevatnet på kote 150 moh, dvs ovanfor inntak. Ål er raudlisteart, kritisk truga (CR), dvs 50% sannsyn for at arten vil døy ut innan 10 til 100 år. Eit areal i lia ved elva er registrert som viktig naturbeitemark. Registreringar i samband med rapporten om biologisk mangfald er utførte av BIOREG AS. På innmarka er det i Fylkesatlas registrert viktig naturtype, tydeleg terrasse og strandline som viser havnivå i Dryas. Dette gjev eit særprega kulturlandskap på Elde.

Det omsøkte tiltaket vil gje periodar med lita vassføring. Slik planane ligg føre, med krav til minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring, vil middelvassføringa etter utbyggjing jamt over bli redusert til 42% av naturleg vassføring på den råka elvestrekningen. Minstevassføringa skal bøte på ulempar i høve landskap, biologisk mangfald og anadrom fisk. Det vil bli vurdert byggjing av tersklar for betra gyteforhold for anadrom fisk. I kraftstasjonen skal det installerast omlaupsventil for å unngå tørrleggjing av elva nedanfor, ved hurtig-/naudstopp av aggregatet. Inntaksdam skal byggjast som eit Coanda-inntak, som er utforma slik at ål ikkje skal kome inn i turbinane ved utvandring frå Otrevatnet. Det er og aktuelt å byggje åle-leiarar ved sida av inntaket for å lette oppvandrande ål. I høve fossefall skal det byggjast predatorsikre fuglekassar ved elvelaupet, for å hindre at fossefallet blir bytte for rovfugl/rovdyr.

I høve landskap er det eit betydeleg inngrep i samband med etablering av inntak, nedgraving av rørgate, kraftstasjon og anleggsveg. Terrenget skal tilpassast etter inngrep, og anleggsveg leggjast att. Terrenget skal revegeterast med stadeigen vegetasjon.

### **Vurdering:**

Omsøkt tiltak ligg i kommuneplan, arealdelen som landbruks-, natur- og friluftsområde sone 1, der alle byggje- og anleggstiltak som ikkje knyter seg til tradisjonelt landbruk må omsøkjast som dispensasjonar. Det er i plankartet til kommuneplanen vist småkraftverk på Elde, i tillegg til ein del andre vassdrag i kommunen. Dette er illustrasjonar utan juridisk verknad, og det framgår ikkje vurderingar eller prioriteringar kring småkraftverk i plandokumentet. Byggjing av småkraftverk er såleis i strid med arealplan, og utbyggjing må omsøkjast og handsamast som dispensasjon frå plan.

Elvestrekningen der kraftverket er planlagt er del av eit større område der ein finn mange viktige verdiar for almenne interesser som landskap, kulturlandskap og biologisk mangfald, dette trass at det er ein del eksisterande inngrep i området. Utbyggjing vil gje uheldige verknader for landskap og biologisk mangfald, trass avbøtande tiltak.

Utbyggjing vil gje noko inntekt til kommunen i form av eigedomsskatt. I anleggsfasen vil tiltaket gje ein viss sysselsettingseffekt. I driftsfasen vil kraftverket gje 0,2 årsverk til det gardsbruket på Elde som skal stå for tiltaket.

Det er fylkesdelplan med tema vasskraftutbyggjing, vedteken i Fylkestinget 11.12.12. Denne har fokus på små vasskraftverk. Konesjonssøknadene blir vidare handsama jfr retningslinjer frå OED fastsette i 2007. Vassdraga skal forvalast gjennom ein heilskapleg arealpolitikk som tek vare på vassdragslandskap, vassdragsbelte og vassressursar. Konesjonshandsaminga

skal sikre ein grundig prosess der det blir gjort ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulempar. Auken i søknader innanfor vindkraft og vasskraft aukar behovet for å sjå saker i samanheng og vurdere sumverknader.

Bremanger har ein monaleg produksjon av elektrisk kraft, ca 1.400 GWh/år, og det er planar om utbyggjing av større vindkraftverk. Det er gjeve konsesjon til fleire småkraftverk (1,0 -10,0 MW) som ikkje er utbygde endå. Desse er Oladalselva, Sagelva og Mørkedalselva i Sørgulen, på høvesvis 2,9 MW, 1,34 MW og 1,6 MW. Vidare Setredalselva i Myklebustdalen på 4,5 MW. Kraftverk på Sigdestad og Bredvatn er under høyring/handsaming, i tillegg til Elde. Sigdestad er eit større kraftverk med effekt på 9,0 MW, medan Bredvatn har to utbyggjingsalternativ på høvesvis 118MW og 112 MW.

Handsaming av saka på Elde må sjåast i samanheng med eksisterande og planlagd kraftproduksjon i kommunen og regionen, og fordelene med utbyggjing av kraftverket må vurderast nøye mot ulempane det vil ha i høve landskap og biologisk mangfald, herunder raudlista arter og raudlista naturtype. Dersom konsesjon blir gjeve, er det viktig at gjennomføring av vurderte avbøtande tiltak nemnde i søknad blir sette som vilkår for konsesjon, herunder oppfølging av drift av desse tiltaka.

Det skal utarbeidast detaljplan for landskap og miljø etter at det evt er gjeve konsesjon. Denne skal leggjast fram for kommunen dersom det er eit krav i konsesjonen, og dersom det er avvik frå det som kom fram i konsesjonshandsaminga. Det vil vere ein fordel om framleggjing av detaljplan blir gjort i alle høve, slik at kommunen er kjend med detaljar og evt endringar i tiltaket, slik at dette kan vurderast i samband med kommunen si dispensasjonshandsaming, før detaljplanen blir godkjend av NVE. Konsesjonssøknader plar ikkje syne omfang/utforming av tiltak med den detaljgrad som er ynskjeleg, og som blir kravd i andre saker, ved handsaming etter Plan- og bygningslova.